

Nordsjøstevne 4-6 november 2016

Årets Nordsjøstemne er unnagjort i Stavanger i helga. Med relativt tøffe kvalifiseringskrav og heatbegrensingar vert dette rekna som eit elitestemne. Frå VS kom Sander, Aslan, Henriette, Jenny, Tobias, Erlend S., Brage, Joakim og Silje med. Sjølv om dei fleste av desse er kvalifisert for UM, og dermed neppe maksimalt toppa til dette stemnet, så vart det likevel ein del personlege rekordar og klubbrekordar.

Tobias Moen Olsen satte ny klubbrekord for yngre junior på 200 medley, 200 butterfly og 200 fri.

På 200 m medley symde Tobias på 2.15.70 og sletta dermed rekorden til Marius Solaat Rødland på 2.15.80 satt på samme stemne i 2011.

På 200 m butterfly forbedra Tobias sin eigen rekord med 3,5 sekunder frå 2.16.26 til 2.12.64. Ikkje verst forbedring på to veker.

Og til slutt sletta Tobias den årsgamle rekorden til Aslan Bentley på 200 m fri då han symde distansa på 2.01.76. Den gamle rekorden var på 2.04.49. Med dette har Tobias alle klubbrekordane for yngre junior på fridistansane frå 200 m og oppover.

Henriette Dale forbedra tre av sine eigne klubbrekordar for yngre junior.

På 200 m medley symde Henriette på nøyaktig 2.30.00 som vart 47 hundredelar bedre enn hennar gamle rekord får årets ÅM.

På 100 m fri persa Henriette på 2 hundredelar og forbedra dermed sin gamle rekord på 2.29.54 frå september i år.

Tobias tok heile 4 SØLV i 2002-2003 klassa, mens Henriette tok BRONSE på 100 m fri i 2002-2003 klassa.

Tobias tok også eit nytt UM-krav. Denne gang på 200 medley.

Oppsummering av Arne Kleppestrand



Henriette Dale

